

Referat frå utvida ressursgruppemøte Rogaland og Vestland

Dato: 07.10.2021 Stad: Teams

Sak:	Agenda/Tema:	Status	Konklusjon/ ansvar og tidsfrist:
1.	Presentasjon	Presentasjonsrunde	
2.	Innleiing og bakgrunn for møtet	<p>Bakrunnen for møtet er at fleire av kompetansemiljøa som har samarbeid med nettverka både i Rogaland og Vestland, og har ytra ønske om ein moglegheit til å sjå innsatsen litt meir heilskapleg.</p> <p>I tillegg byrjar det å bli mange utviklingsprosjekt som ønskjer, og treng ulik støtte, og vi ønsker å drøfte om vi kan gjere grep for å utnytte den viktige ressursen som kompetansemiljøa utgjer enda betre.</p> <p>Både i Rogaland og i Vestland har vi fleire gode døme og erfaringar vi kan dele. Kanskje nokon har andre idéar eller forslag til korleis vi kan utnytte ressursane betre for å understøtte utviklingsarbeidet i kommunane enda betre?</p> <p>Ønskje om ein idemyldring og refleksjon kring korleis ein kan møte behova som kommunane og utviklingsprosjekta har på ein smart måte.</p>	Innleiing ved Bente C. frå Statsforvaltaren i Vestland (SF)
3.	Kva aktivitetar gjer vi felles i dag? Presentasjon av kva aktivitetar vi sammen tilbyr kommunane for å støtte opp om utviklingsarbeidet i Vestland og i Rogaland	<p>Bente C. frå SF Vestland og Brit frå SF Rogaland presenterer innhald, målgruppe og formål med dei ulike aktivitetane i «prosjektstøtteriggen». Dokumentet ligg i møteinkallinga og på nettsida for læringsnettverket i Vestland:</p> <p>https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/barn-og-foreldre/læringsnettverk-for-barnevernstenestene/</p> <p>Andre dokument under fanen «Ressursgruppe» til høgre.</p> <p>Aktivitetane har ein utvikla for å støtte utviklingsprosjekta i sitt arbeid, med utgangspunkt i dei behova som prosjekta har hatt og etterspurt. Her har vegen blitt til mens vi har gått, men nå byrjar fleire av aktivitetane å «sette seg». Formålet med å lage denne oversikta var å gjere dei meir forutsigbart for kommunane og prosjekta kva slags støtte dei kan få tilbod om. Eit anna formål er å gjere det enklare å drøfta kva aktivitetar vi treng å ha, om noko overlappar kvarandre, om det er fleire frå kompetansemiljøa som kan bidra inn med sin kompetanse og kapasitet, og drøfte om det er behov vi ikkje klarer å dekkje med dei aktivitetane vi så langt har. Det går òg fram av oversikta kven som har ansvaret for gjennomføring av dei ulike aktivitetane.</p> <p>Tanken er at vi fram mot nyttår skal starte planlegginga av våre aktivitetar for 2022, og kanskje nokre av aktivitetane kan løysast samla for Rogaland og Vestland?</p> <p>Har vi gode døme der vi har klart å utnytte våre felles ressursar godt?</p> <ul style="list-style-type: none"> - Temadag om Høgkonflikt – 3. prosjekt felles tema - Temadag Fosterheim - Temadag oppstart av utviklingsprosjekt 	Innleiing og utgangspunkt for vidare drøfting.

	<ul style="list-style-type: none"> - Utviklingsprosjekt på tvers av Fylkesgrensene – deltar i begge nettverk og får finansiering frå begge embata <p>Vi har fått gode tilbakemeldingar frå utviklingsprosjekta og barnevernsleiarane på desse aktivitetane. Fleire ynskjer seg fokus på implementeringsarbeidet i 2022. Dette vil vi ta med oss når vi skal å lage plan for prosjektstøtteaktivitetane i 2022 i løpet av november.</p> <p>Prosjektstøtte i Rogaland har mange av dei same aktivitetane som i Vestland. Vi har så langt gode erfaringar med å samarbeide om temadagane og oppstart av prosjekt dag. Det einaste tilbodet som dei har vi i Vestland, som Rogaland så langt ikkje har hatt er prosjektleiarforum. SF i Rogaland har i staden hatt ein til ein kontakt med prosjektleiarane i dei ulike utviklingsprosjekta ved behov.</p>	
Korleis kan vi møte de behova som utviklingsprosjekta og kommunane har på ein smart måte?	<p>Kva treng prosjekta:</p> <p>Utviklingsprosjekta har ulike behov og ulike utgangspunkt. Nokre kommunar har gode støttesystem og lang erfaring med arbeid i utviklingsprosjekt. Medan andre ikkje har det. Prosjekta er òg prega av kva kompetanse og erfaringar prosjektleiarene har. Frå oppstart av nettverka i 2018 og fram til no, har vi gjort oss ein del erfaringar med kva behov utviklingsprosjekta kan ha. I tillegg bad vi på den store samlinga vi hadde med barnevernsleiarar og alle utviklingsprosjekta i Vestland den 22.-23. september, om at dei gruppevis gav tilbakemelding på kva behov dei no kjende på, og kva dei ønska seg av prosjektstøtte framover. På bakgrunn av dette kan vi nemne nokre hovudpunkt:</p> <ul style="list-style-type: none"> • <u>Støtte til oppstart</u> – realistiske mål og planer • <u>Tenke gjennom heile prosjektperioden – kva er målet?</u> Korleis skal vi komme dit? Endring i praksis – enda betre tjenester og tiltak for barn og foreldre. Strategi og hensiktsmessig tidsplan. Tenke meir langsiktig. I nokre høve gjev vi støtte til forprosjekt, når dei treng meir tid på førebuingsfasen. I denne perioden er det viktig at kompetansemiljøa er tett på og samarbeider med kommunen om å sette retning og rammer for prosjektet. Her er det nok eit utviklingspotensial. • <u>Fagleg innsikt og oversikt</u> – mange av prosjekta ber om relevant forsking, kunnskapsoppsummeringar – inspirasjonsforelesningar m.m. frå kompetansemiljøa. • <u>Støtte til å leie prosjektarbeid</u> • <u>Støtte til å leie utviklingsprosessar</u> • <u>Støtte til å forankre prosjektet</u> og få dei ulike delane av prosjektet og samarbeidande kommunar til å «henge saman». • <u>Kompetanse i forutsetningane for endringsarbeid</u> • <u>Kompetanse i implementerings arbeid</u> • <u>Nettverk og støtte for prosjektleiar</u> – det kan være krevjande og einsamt når alle du skal samarbeide med har viktigare ting å gjøre – travle med ordinær saksbehandling – finne en god balanse – tilpasse seg at dei arbeider med utvikling i barnevernet og må jobbe på barnevernet sine premisser – ikkje gløyme formålet – betre tenester for barn – den ordinære sakshandsaminga må gå sin gang parallelt med utviklingsarbeidet. 	Oppspel til drøfting og innspelsrunde

<p>Refleksjon og idémyldring</p> <p>BC frå Statsforvalteren – stillar spørsmål om refleksjonar kring dagens organisering av oppfølging og støtte til utviklingsprosjekta. Fram til no har det i stor grad vore RKBU, og i nokre høve i samarbeid med Bufetat og Statsforvaltarane som har tatt ansvar for felles opplæring, rettleiing og drift av nettverk for prosjektleiarar, der alle får tilbod om å delta.</p> <p>Medan andre kompetansemiljø som Høgskulen, Barnehuset, UIB, NUBU og RVTS har vore knytt opp som samarbeidspartnerar til enkeltprosjekt. RKBU har også vore tilknytt mange enkeltprosjekt heilt frå oppstart. RKBU stiller i ei særstilling, samanlikna med dei andre kompetansemiljøa, fordi dei har eit klart uttalt mandat i sitt oppdragsbrev at dei skal bidra med sin kompetanse inn i læringsnettverka.</p> <p>Spørsmål til drøfting er om vi ynskjer å fortsette med denne arbeidsdelinga, og måten å utnytte dei ressursane som kompetansemiljøa samla utgjer, eller om ein ynskjer å gjere ein dreiling mot at fleire bidreg inn i den overordna riggen, eller om det er andre endringar som er aktuelle?</p>	<p>Korleis kan vi møte disse behova på en effektiv og nyttig måte? Andre aktivitetar? Eller bygge vidare på dei vi har?</p> <p>Innspel frå:</p> <p><u>Marit og Anika frå Forandringsfabrikken</u> – foreslår at Statsforvalterne skal legge inn krav om at prosjekta hentar inn innspel frå barn når dei startar opp utviklingsprosjekt. Dette bør være et kriteria når en vurderer søknader om stimuleringsmidlar. Minner også om at det er viktig at prosjekta tar høgde for barns prosessrettigheitar. Peikar på at dette er noko dei har spelt inn fleire gongar tidlegare også.</p> <p><u>Linda frå RVTS</u> – foreslår at Forandringsfabrikken kan lage en video med innspel til ting prosjekta bør tenke på i starten av et prosjekt.</p> <p><u>Bente C. frå SF</u> - Vi vil forsøke på ny i Vestland å etablere en referansegruppe med faste medlemmer frå de ulike brukarorganisasjonane, og bruke dette som en arena for å be om innspel våre aktivitetar i nettverket. Tema som her blir spelt inn frå Forandringsfabrikken vil passe godt å drøfte vidare i eit slikt møte. Vi vil invitere til dette i løpet av kort tid.</p> <p><u>Linda frå RVTS</u> – legg fram erfaring med at digitale møter kan være nyttig for å nå fleire, samt at slike møter kan være hensiktsmessig når mål for samlinga er informasjonsformidling, forsking, tema og kunnskapsformidling. Når det gjeld temadag om implementering kan det kanskje være lurt å samlast fysisk for å legge til rette for samarbeid, erfaringsdeling og dialog mellom utviklingsprosjekta?</p> <p><u>Sigrún frå RKBU</u> - er kjent med at spørsmål og ønska hjelp knytt til implementering er eit tema kommunane er opptekne av. Ho orienterer om at dei også arbeider med folkehelse der RKBU i samarbeid med RVTS har laga ein hjelpperigg på oppdrag frå Helsedirektoratet og Bufdir for opplæring og rettleiing. Ho formidlar dette kan vere nyttig for andre felt enn berre folkehelse. Om ein vil lese meir er følgjande nettsider relevant:</p> <ul style="list-style-type: none"> - https://www.forebygging.no/ - https://bli-involvert.no/ - https://handling.forebygging.no/folkehelsearbeid/ <p><u>Lars Conrad frå SUS</u> - stiller spørsmål om kva hensikta med prosjekta er og om produkta som vert utvikla svarer ut til den overordna målsettinga i barnekonvensjonen?</p> <p><u>Jorid frå NUBU</u> – vurdere felles aktivitetar både digitale og fysiske. Når det gjeld temadag om implementering kan NUBU gjerne bidra. Har lang erfaring og god kompetanse på dette. Kanskje det er lurt å gjennomføre denne fysisk for å legge til rette for erfaringsdeling og dialog?</p> <p><u>Knut frå Stavanger kommune</u> – formidlar at det er ein lang veg og gå frå ein god ide til den vert verkeleggjort. Han ser det som nyttig at ein bidreg til gode rammer kring prosjektleiar. Det er viktig at utviklingsarbeidet sjåast i eit langsiktig perspektiv og at det i større grad kunne vore lagt opp til meir føreseielege rammer kring utviklingsprosjekta i regi av læringsnettverket. Det har vore utfordrande med usikkerheit kring kor lenge ein får finansiert stillinga som prosjektleiar og vidare finansiering av prosjekta år for år. Vanskeleg å</p>	<p>Oppsummering av innspelsrunden:</p> <p>Halde fram, og ev. bygge vidare på dei aktivitetane som no ligg inne i den etablerte prosjektstøtteriggen</p> <p>Ein konkret aktivitet som kommunane gjev utrykk for at dei treng, og som vi vil forsøke å få til i 2022 er ein temadag om implementering. Her vil NUBU og RKBU være i førebuingane og gjennomføringa. Vi fortsett planlegginga av denne aktiviteten i møta som er planlagt i Vestland si ressursgruppe og styringsgruppe i løpet av november. Temadagane er som før, open for deltaking frå både Vestland og Rogaland.</p> <p>SF i Vestland vil invitere brukarorganisasjonane vi har samarbeid med til eit møte i løpet av hausten, for å forsøke å etablere ei fast referansegruppe med representantar frå brukarorganisasjonane</p> <p>ST Rogaland tek med seg alle innspel og forslag i sitt videre arbeid og inn i planlegginga av 2022.</p>
---	---	---

	<p>planlegge langsiktig under slike kår. Viktig at utviklingsprosjekta bidreg til reelle og varige endringar i praksis til nytte for dei det gjeld, barn og unge.</p> <p><u>Jorid frå NUBU</u> – støtter seg til Knut, da implementering og endring er utfordrande og krevjande langsiktige prosesser som tek tid. I dette kan ein utfordre departementa, Statsforvaltaren, KS og andre relevante aktørar i høve å ha eit meir langsiktig perspektiv, fordi etablering av prosjektstøtte, evaluering og langsiktig planlegging er viktig i utviklingsarbeid. Jorid støtter også på Marit frå Forandringsfabrikken knytt til at endringane ein arbeider for å utvikle og implementere må nå målgruppa som treng tiltak og hjelp.</p> <p><u>Sigrún frå RKBU</u> – synes aktivitetane i prosjektstøtta som er etablert er gode, gjennomtenkte og solide. Ho legg til at ein må drøfte korleis ein kan nå ut til fleire med støtte, opplæring og rettleiing, samt at jo fleire arenaer ein kan gjere ting saman og støtte kvarandre, jo betre kapasitet har kompetansemiljøa i dette arbeidet.</p> <p><u>Brit frå Statsforvalteren (SF)</u> – forstår Knut og legg til at ein ikkje er kjent med kva oppdrag eller midlar SF får frå år til år. SF i Rogaland har gjort nokon prioriteringar knytt til midlane som rettar seg mot at eksisterande prosjekt får stimuleringsmidlar til utviding av prosjekta, før nyopprettet prosjekt. Dette for å sikre meir langsiktig drift av prosjekta.</p> <p><u>Sigrún frå NUBU</u> - støttar seg til at berekraft og meir langsiktige perspektiv er avgjerande for vellukka arbeid med prosjekt. Ein har i utviklingsprosjekta sett at ein særslig i byrjinga av prosjekt kan gå for fort fram og stillar spørsmål om ein i større grad bør jobbe med nokon krav til kommunane når dei skal søkje om midlar knytt til forankring og etablering av kontakt med kompetansemiljø på eit tidlegare tidspunkt. Dette for at kompetansemiljø kan vere med i startfasa og i utforming av prosjektet. Ein kan til dømes legge til rette for dette ved å legge ein av samlingane i regi av læringsnettverket i perioden opp mot søknadsfrist for stimuleringsmidlar.</p> <p><u>Bente C. frå SF</u> – seier at vi har forsøkt å få dette til med ein til to samlingar for dei som ynskjer å söke prosjekt og kompetansemiljøa på våren, dette er dei kalla «prosjektutviklingssameinar» i riggen vår. Vidare bekreftar Bente at oppstartfasen mellom utviklingsprosjekt og kompetansemiljø i nokre høve har tatt litt for lang tid, eller at kompetansemiljøet har blitt hekta på i seinaste laget. I nokre tilfelle har dette vore noko vi har veklagt når vi har vurdert at söknadane om stimuleringsmidlar ikkje har våre gode nok, i desse høva har vi gjeve kommunane eit mindre beløp til forprosjekt, slik at dei har hatt tid til å gjere eit grundigare forarbeid, og nødvendige avklaringar med sine samarbeidspartnerar, under dette kompetansemiljøa. I slike høve er det avgjerande at kompetansemiljøa kjem raskt på bana og kan avklare kva dei kan bistå med-, og ikkje. Nokre gongar er det hensiktsmessig at fleire kompetansemiljø deler på oppgåvane, men da må det være klart kven som skal bistå med kva, elles kan det bli uoversiktleg både for kommunane og for kompetansemiljøa. I Vestland har vi laga ein mal til hjelp når ein skal inngå slike samarbeidsavtalar mellom kompetansemiljø og utviklingsprosjekt som vi håper vil bidra til tydlegare avtaler og auka merksemld på forventingsavklaringar i ei tidleg fase av samarbeidet.</p>	
--	---	--

	<p><u>Linda</u> frå RVTS – meiner det er lurt med forprosjekt og spør om det hadde vore ein ide om utviklingsprosjekt kan søkje til ressursgruppa for kontakt med kompetansemiljø? Det kunne også bidrege til at det er lettare og fordele kven som kan hjelpe.</p> <p><u>Brit</u> frå SF – dette er forsøkt ut i Rogaland. Opplevde det som utfordrande, blant anna tilknytt logistikk. Noterer at dette er noko som kanskje skal testast ut meir.</p> <p><u>Lars Conrad</u> frå SUS – stillar spørsmål om kva hensikta med læringsnettverk og utviklingsprosjekta er, og om målet er flest moglege prosjekt eller andre overordna mål for arbeidet?</p> <p><u>Bente C</u> frå SF – seier det er fleire formål med det arbeidet vi gjer i læringsnettverk, og at dette heng tett samane med at dette berre er eit av verkemidla i den overordna kompetansestrategien som regjeringa sette i verk i 2018, og som skal vare ut 2024. Mange av tiltaka i kompetansestrategien er i stor grad styrt i innhald og form frå staten, til dømes Tjenestestøtteprogrammet. Når det gjeld læringsnettverket er dette ein arena for kommunane, der kommunane sjølv skal bestemme innhaldet ut frå dei behova dei har, og det dei meiner dei treng kunnskap om og har behov for å utvikle seg på. Dei andre aktørane som bidrar inn i læringsnettverket som kompetansemiljøa, brukarorganisasjonane, KS, Bufetat og Statsforvaltaren er her for å støtte opp om det utviklingsarbeidet som skjer i kommunane, både med praktiske, faglege og økonomiske ressursar. Eit mål for alle utviklingsprosjekta er å bidra til enda betre tenester for barn, unge og foreldre som treng hjelp frå barnevernet. Vidare er eit viktig mål med arbeidet i nettverket at kommunane skal få kompetanse og erfaring med systematisk utviklingsarbeid i eigne tenester, og at det er ein arena for å dele kunnskap og erfaring på tvers av kommunegrenser og mellom ulike aktørar på barnevernfeltet.</p> <p><u>Sigrún</u> frå NUBU – minner om at det er viktig å ha med seg det heilskaplege blikket, og ikkje berre ha fokus på barnevern, men sjå barnevernets arbeid i samanheng med også dei andre tenestene som møter barn, unge og foreldre i kommunane. Det tverrfaglege perspektivet er viktig å ha med.</p> <p><u>Bente C</u> frå SF – det er frå i år opna for å samarbeide med andre tenester i kommunane i utviklingsprosjektet. Dette medfører ei opning for eit tverrfagleg perspektiv og ein er i Vestland i skjeringspunkt på om læringsnettverket skal vere for kommunane som heilskap eller berre barnevernenestene. Vi har planlagt fleire tverrfaglege aktivitetar i regi av læringsnettverket no i haust knytt til førebuing av oppvekstreforma. I Rogaland er dette ikkje teke stilling til.</p> <p><u>Astrid</u> frå KS – Opplever stort spenn i kva prosjekta arbeidar med og omfang. Det er vanskeleg for prosjekta å vite kven av kompetansemiljøa som kan hjelpe og kven dei skal spørje om støtte. I dette, har kompetansemiljøa eit arbeid. Vidare er det ei utfordring å gje midlar til kortsiktige prosjekt. I dette må kommunane sjølve ta eit val om å gå vidare med utviklinga eller ikkje. Astrid informerar om at KS har mykje nyttig informasjon, rettleiing og hjelp på sine nettsider knytt til innovasjon, tenesteutvikling med meir. Link til desse ressursane:</p>	
--	--	--

	<p>https://www.ks.no/fagomrader/innovasjon/innovasjonsledelse/veikart-for-tjenesteinnovasjon/</p> <p><u>Bente C. frå SF</u> – seier at fleire av utviklingsprosjekta har etterspurt meir støtte på dette med implementeringsarbeid, og korleis dei skal få det dei har utvikla gjennom prosjektperioden til å «sette seg» og bli varige endringar etter at prosjektet er avslutta, og dei skal over i ordinær drift.</p> <p><u>Sigrùn frå RKBU</u> – seier at RKBU gjerne vil samarbeide med NUBU og eventuelt andre om å få til ein temadag om implementering.</p> <p><u>Jorid frå NUBU</u> – løfter opp at det er lettare å lære og ha interaksjon om det er fysisk samling. NUBU bidrar gjerne på ein slik temadag om implementering. Dette er noko dei har lang erfaring med og god kompetanse på.</p> <p><u>Sigrùn frå RKBU</u> - tek også opp at det er ulike utgangspunkt for kompetansemiljø knytt til oppdrag og mandat. Ho nemner at ho har snakka med Anette Iversen frå UIB som dette, og rammevilkåra som utdanningsmiljøa har for å bidra inn med ressursar i læringsnettverket er ulik.</p> <p><u>Hege frå HVL</u> – bekreftar det Sigrùn seier, og legg til refleksjon om at dette kanskje er grunnen til at det har teke noko tid før Høyskolen heilt har funne sin plass og rolle i nettverket. Dette er noko som nå byrjar å komme på plass, ei ein set betydinga av å være på denne viktige arenaen på barnevernfeltet.</p> <p><u>Bente C frå SF</u> – bekreftar det er ulike mandat, dette er noko vi har hatt stor merksemd om i ressursgruppa i Vestland. Vi har også drøfta dette med Bufdir. I fjor fekk vi tilsendt utdrag frå oppdragsbreva til dei ulike kompetansemiljøa frå Bufdir. Meiner at det viktigaste i læringsnettverket er at det er ein arena der alle kompetansemiljøa sjølv opplev at dei får noko ut av å være med, og å bruke tid på kontakten med kommunane. Døme på produktive samarbeid er når ein har fått til å knytte masterstudentar til utviklingsprosjekt, fått informantar til forskingsarbeid, evalueringssstudiar eller fagleg sett fått eit større innblikk i status i barnevernenestene per i dag. Dette er eit pågående utforskningsarbeid. Her er det nok eit stort potensiale og moglegheitsrom som vi ikkje fullt ut har klart å utnytte enda. Understrekar at vi ikkje har dei same forventingane til bidrag frå dei ulike kompetansemiljøa, rammevilkåra og oppdraga er forskjellige, dette må vi sjølvsagt ta omsyn til, og at dette er noko vi også forsøker å formidle og rettleie utviklingsprosjekta på. Uansett er det viktig å gjere desse forventningsavklaringane tidleg, når ein etablerer samarbeid mellom eit kompetansemiljø og eit utviklingsprosjekt. Oppfordring til kompetansemiljøa om å være tydleg på kva ressursar dei har til rådighet og kva ein kan bidra med, og ikkje.</p>	
	<p>Evaluering av dette møtet</p> <p>Var dette nyttig? Er det eventuelt behov for fleire slike møter? Eventuelt når?</p> <p>Dei fleste deltagarane i møtet meinte at møtet hadde vært nyttig, og at det var ønskeleg å årleg ha eit eller to utvida Ressursgruppemøter for Vestland og Rogaland.</p>	<p>Konklusjon: Møtet var nyttig fordi det gav betre oversikt, og ein vert betre kjent.</p>

	<p>Møtet vart opplevd som nyttig ved at ein blir betre kjent, ser fleire moglegheiter og kan få nye idear. Det er òg ein arena for å få litt overblikk over aktivitetane i Rogaland og Vestland, og kanskje sjå førespurnadane for utviklingsprosjekta meir samla. Dette gjeld kanskje særleg for dei kompetansemiljøa som betener begge områda (RVTS, RKBU, NUBU og KORUS).</p> <p><u>Linda frå RVTS</u> – spør om det kan være ein ide å gå saman begge fylker når vi mottek søknadar for å sjå om det er nokon som trenger det same og samarbeide kring støtte, oppfølging og rettleiding frå kompetansemiljøa?</p> <p>Det vert drøfta om ein skal legge opp til eitt eller to møter i året. Fleire meiner ein må ha to møter i året. SF frå Rogaland ynskjer å drøfte dette litt, dette kan bli litt mykje i tillegg til dei møta vi allereie har i kvart fylke?</p> <p><u>Bente C. frå SF</u> foreslår at vi frå Statsforvaltarane tek på oss å kalle inn, lede og referere eit møte i året, og at kompetansemiljøa kan gjøre det same, og eventuelt invitere oss frå SF om de ynskjer det.</p>	<p>Ja, vi bør ha eitt/to slike møter i året.</p> <p>Statsforvaltarane i Vestland og Rogaland er samde om at dei vil ta på seg ansvaret for å invitere til eit slikt møte i året – kvar haust. Dette møtet kjem i tillegg til dei møta vi har i ressursgruppene i kvart fylke.</p> <p>Kompetansemiljøa avklarar om dei i tillegg skal ta ansvar for å invitere til eit møte kvar vår.</p>
	<p>Forslag til saksliste til neste møte og tidspunkt.</p> <p>SF i Rogaland og Vestland er einige om at vi kan ta på oss ansvaret for å arrangere eit utvida Ressursgruppemøte kvar haust. Alle kan sende inn forslag til sakar til neste haustmøte, på e-post til Bente C. hjå SF i Vestland, gjerne med kopi til Britt frå SF i Rogaland.</p> <p>Kompetansemiljøa kan i tillegg invitere til utvida ressursgruppemøte på våren, da må eit av miljøa ta på seg ansvaret for å arrangere møtet.</p> <p>Hovudformåla med desse møta er å sjå på korleis ein best kan utnytte den kapasiteten som kompetansemiljøa har, for å understøtte det utviklingsarbeidet som skjer i læringsnettverka i Vestland og Rogaland. Vidare er møta ein arena der ein kan ha dialog om kva aktivitetar for prosjektstøtte som det er føremålstenleg å samarbeide om på tvers av fylkesgrensene. Desse møta kan også være nyttige for å dele erfaringar og hente inspirasjon frå kvarandre, og fange opp om vi har utviklingsprosjekt med liknande tematikk som kan ha særleg utbytte av å utveksle erfaringar, og kanskje få samla oppfølging frå kompetansemiljøa. Møta kan også nyttast til å innhente innspel frå kompetansemiljøa når det gjeld handsaming av nye søknadar om stimuleringsmidlar og førespurnadar om bistand til utviklingsarbeid i prosjekta.</p>	<p>Konklusjon</p> <p>Bente C. sender ut møteinkalling og forslag til agenda på bakgrunn av innkomne forslag til nytt utvida ressursgruppemøte hausten 2022.</p> <p>Kompetansemiljøa avklarar seg imellom om dei også ynskjer eit utvida ressursgruppemøte på våren, og eventuelt kven som innkallar til møtet, er møteleiar og referent.</p>

Ressursgruppa i Rogaland

Namn	Kontakt informasjon	Kommune/organisasjon	Deltok på møtet:
Brit Espeland Nedreaas	fmroben@startsforvalteren.no	Statsforvalteren	Ja
Mallin Østerhus	Mallin.osterhus@bufetat.no	Bufetat	Ja
Cathrine Eide	Cathrine.eide@helse-bergen.no	RVTS	Nei
Elin Wetas Jara	elin.wetas.jara@ks.no	KS	Nei
Marit Sanner	marit@forandringsfabrikken.no	Forandringsfabrikken	Ja
Aniken	aniken@forandringsfabrikken.no	Erfaringskonsulent	Ja
Knut Redalen	knut.redalen@stavanger.kommune.no	Stavanger kommune	Ja
Kari Alveren	kari.alvaeren@stavanger.kommune.no	Stavanger kommune	Nei
Ingunn Studsrød	ingunn.studsrod@uis.no	UIS	Nei
Ingunn T Ellingsen	ingunn.t.ellingsen@uis.no	Klinikk psykisk helsevern barn, unge og rusavhengige (SUS)	Nei
Lars Conrad Moe	lars.conrad.moe@sus.no	Klinikk psykisk helsevern barn, unge og rusavhengige (SUS)	Ja

Medlemmar i ressursgruppa i Vestland:

Namn:	Kontakt informasjon	Representerer:	Deltok på møtet:
Hege Sundt	Hege.sundt@hvl.no	Høyskolen Vestlandet - Sogndal	Ja
Vibeke Samsonsen	Vibeke.Samsonsen@hvl.no	Høyskolen Vestlandet - Bergen	Nei
Linda Renate Kvalvik	Linda.renate.kvalvik@helse-bergen.no	RVTS	Ja
Jorid Bjørkås	Jorid.bjorkas@nubu.no	NUBU	Ja
Astrid Toft	Astrid.toft@ks.no	KS Vestland	Ja
Berit Hognestad Haaland	Berit.hognestad.haaland@bufetat.no	Bufetat	Nei
Unni Strandman	unst@norceresearch.no	RKBU Vest	Nei
Sigrún Gudlaugsdottir Henriksen	sihe@norceresearch.no	RKBU Vest	Ja
Heidi Eriksen Losnedal	Heidi.losnedal@politiet.no	Barnehuset i Bergen	Nei
Brita Leivestad	Brita.kristin.leivestad@helse-bergen.no	KORUS	Nei
Anette Christine Iversen	Anette.iversen@uib.no	Universitetet i Bergen - HEMIL	Nei
Bente Cecilie Foss	fmhobcf@statsforvalteren.no	Statsforvaltaren i Vestland	Ja

Referat skrevet av Bente Cecilie Foss og Silje Samland den: 15.10.2021

Referat godkjent av møtedeltakarane den: 29.10.2021